

OPPLAND BONDELAG



Juridiske tjenester
Postboks 9354 Grønland
0135 OSLO

Att.: Erlend Stabell Daling

Vår saksbehandler
Ola Råbøl
95174046

Vår dato
11.02.2016
Deres dato
27.01.2016

Vår referanse
15/00994-15
Deres referanse

Høring - ny naturskedeforskrift - Oppland

Vi viser til høringsbrev om saken fra Norges Bondelag av 27.01.2016.

I deler av Oppland har vi hatt flere store flommer de siste årene, og de største var i 1995, 2011 og 2013. Disse flommene har krevd mye av både de som har blitt rammet og de som har arbeidet som takstmenn.

Lensmannen i Midt-Gudbrandsdal har ved de store flommene leid inn hjelp for taksering, både landbruksfaglig hjelp og entreprenørfaglig hjelp. Ole Johan Kolseth, som til daglig er ansatt på landbrukskontoret i Nord-Fron, har vært leid inn som takstmann for flommene fra 1995 og fram til i dag. Han er nok den som har mest erfaring fra taksering eller flom/naturskader her i Oppland.

Vi har utfordret Ole Johan til å komme med synspunkter / innspill på de nye forskriftene, og vi har mottatt et notat på dette.

Styret vedtok på sitt møte den 9. februar å sende Ole Johan Kolseth sitt notat som Oppland Bondelags høringsuttalelse på forslaget til ny naturskedeforskrift.

Notatet:

Høring – Naturskadeertatningsloven m/tilhørende forskrift gjeldende frå 01.01.2017.

Ny naturskadeertatningslov medfører:

- Frå 01.01.2017 skal kvar einskild skadelidt forhalde seg til nettportal i landbruksdirektoratet ved søknad om naturskadeerstatning.
- Gradvis strengare krav til dokumentasjon desto større skader det er på eigedomen:

Antatt gjenopprettingskostnad under 50000 kr; dokumentasjon av kostnadane gjennom egenerklæring og bilder.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:

Kirkegata 70
2609 LILLEHAMMER
Oppland Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:

Skogbrukets Hus, Kirkegata 70
2609 LILLEHAMMER
Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Telefon:

61051800

Bankkonto: 8101.05.12891
Bankkonto: 8101.05. 91392

E-postadresse:

oppland@bondelaget.no

Internett:

<http://www.bondelaget.no/oppland/>

Vår dato Vår referanse
11.02.2016 15/00994-15

Gjenopprettingskostnader mellom 50000 og 200000 kr medfører krav om minst 1 anbud frå entreprenør der kvart skadeobjekt på eigedomen er spesifisert i anbudet.

Antatte gjenopprettingskostnader mellom 200000 og 500000 kr medfører krav om minst 2 anbud frå entreprenør der kvart skadeobjekt på eigedomen er spesifisert.

I saker der antatte gjenopprettingskostnader er over 500000 kr skal Landbruksdirektoratet innhente og bekoste takst.

Dette er ei svært grovmaska framstilling av essensen i ny naturskadeerstatningslov.

Ut frå erfaring som skjønnsmann i Midt-Gudbrandsdal etter alle skadeflommar sidan 1995, vil eg knyte kommentarar til ny lov/forskrift:

Etter erfaring frå 3 store skadeflommar er informasjon eit nøkkelord. Informasjonsbehovet er enormt. Ikkje minst gjeld dette forholdet mellom skader på forsikringsbare/ikkje forsikringsbare objekt. Mange skadelidte vart «kasteballar» mellom forsikringsselskap og takststyrer naturskade i akutfaser etter skadeflommane. At ingen lokalt skal ha ansvar for informasjon i ei akutfase ser eg på som ei betydeleg utfordring. Kan kommunal kriseberedskap tilførast kompetanse på erstatningsordningar slik at dei i akutfasa kan gi informasjon til skadelidte innbyggjarar ?

Innafor Midt-Gudbrandsdal lensmannsdistrikt er det gjennomført ca. 400 naturskadeskjønn etter 11- flommen og ca. 600 skjønn etter 13-flommen. Akutfasene etter begge flommane har vore ekstremt hektiske. Alt tilgjengeleg entreprenørmateriell var i bruk omtrent døgnet rundt for å forebygge ytterlegare skader/ reparere offentleg infrastruktur. Skader på privat eigedom var det som hovedregel ikkje tilgjengelege entreprenørtenester til å utføre i akutfasa.

Mange greide gjennom bruk av eigne maskiner, arbeidskraft og evt. også eigne samsmasser å få grovrepert skader på adkomstveg til buplass/næringsverksemd. I intensiv husdyrproduksjon er nesten dagleg inn/uttransport av varer påkrevd. Kreative løysingar redda mange ! Jfr. § 5 og 11 i forslag til ny forskrift blir ikkje slike redningsoperasjonar lenger dekt gjennom naturskadeordninga. Kun spesifisert faktura på innleigde tenester vil danne grunnlag for erstatning.

Anbud frå entreprenør skal etter ny forskrift erstatte hovedmengda av taksering. Dei siste års hendingar rundt om i landet viser at ekstremvær rammer store områder langs vassdrag når det slår til. At entreprenørstanden i tillegg til å gjennomføre praktisk reetableringsarbeid, skal utføre store delar av jobben som skjønsmenn tidlegare utførte, er svært utfordrande.

Erfaringa frå 2011 og 13 i Midt-Gudbrandsdalen er at svært lite reetableringsarbeid hos private vart gjennomført etter anbudsprinsippet. Mange anbud underteikna såg, var urovekkande høge. Grunnen til dette var rikeleg med arbeid til alle seriøse entreprenørar. Markedskreftene styrte dette!

Skadelidte skal innan 3 mnd. etter skadedato dokumentere naturskada si, avklare om noko er naturskade med forsikringsdekning, beskrive kvart skadeobjekt før og etter skade, kart- og fotodokumentasjon, innhente spesifiserte anbud på kvart skadeobjekt og få søkt i

Vår dato
11.02.2016

Vår referanse
15/00994-15

nettportalen. Dette er eit omfattande arbeid for dei som ikkje har kjennskap til ordninga frå før. Her ligg det eit betydeleg marked for betalte konsulenttenester ! Jfr. forslag til ny forskrift er det skadelidte som skal betale dette.

Konsulenttenester er også for dei fleste skadelidte nødvendig for å dokumentere at bruksverdien på skadeobjektet er større enn reetableringskostnaden.

Ei naturskadeerstatningssak kan vera mangfoldig. Mange inneheld tradisjonelle entreprenørtenester som stikkrenner, massetilførsel og masseflytting, men i tillegg kjem ofte ødelagte gjerder, reetablering av vekst på areal, reetablering av bekkeløp/bekkelukking/kanaler og drengrofter. Avfallshandtering, berekning av verdi på evigvarende tapt areal, ødelagt varelager som ikkje er forsikringsbare, er også del av ei naturskadeerstatningssak.

Dette viser at skadelidte har behov for hjelp frå fleire for å kunne sende ein komplett søknad.

Høringsnotatet legg til grunn eit mål om betydeleg reduksjon i behovet for taksering, men skadelidte kan sjølv velge å dokumentere skader gjennom takst. Dette må forstås slik at skadelidte sjølv hyrer inn og bekoster takst. Må desse vera medlem av bransjeorganisasjon for takstmenn?

Spenninga ligg i kva mal Landbruksdirektoratet vil legge seg på i forhold til å sende ut og bekoste takstmenn der det er moderate skader, men skadelidte sjølv ikkje er i stand til å dokumentere skadene.

Storflommene i midtdalen i 11 og 13 har medført eit godt samarbeid mellom NVE, kommuner og skjønnsmenn/takststyrer. Reetableringsarbeid som NVE har bekosta er utelukka/trekt ut frå private naturskadeskjønn. Korleis skal dette handterast framover ?

Sikringstiltak: I fleire gjennomførte naturskadeskjønn vart påkrevde sikringstiltak spesifisert i skjønnet. Dette har hos fleire resultert i tilskudd ut over erstatningssummen. Ordninga er vidareført med reduserte satsar jfr. § 10.

Erstatningsutmåling: Innslagspunkt for erstatningsutmåling omtrent dobla til 20000 kr, ellers mindre endringar.

Ny nettportal for søknad om erstatning har pr. i dag ukjent innhald. Kor brukarvennleg og oversiktleg denne blir, vil vera avgjerande for mengda av skadelidte som greier å gjennomføre søknadsprosessen sjølve.

Ole Johan Kolseth
Skjønnsmann Midt – Gudbrandsdal lensmannsdistrikt

Med vennlig hilsen

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Trond Ellingsbø

Ola Råbøl

Vår dato
11.02.2016

Vår referanse
15/00994-15
